



GISKE KOMMUNE  
Valderhaug 4  
6050 VALDERØYA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Giske kommune - Løyve til utfylling i sjø ved Gjørundneset - Vedtak om endring av løyve

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til løyve av 09.09.2020 til utfylling og strandkantdeponi ved Gjørundneset industriområde i Giske kommune (løyvenr. 2020.0324.T) og til søknad frå Giske kommune i e-post av 16.08.2024 frå V. Giskeødegård om endring av løyvet.

### Bakgrunn

Giske kommune fekk 09.09.2020 løyve etter forureiningslova til mudring i Gjørundet og utfylling/deponering av massar frå mudringsprosjektet i eit avgrensa område ved Gjørundneset industriområde. Utfylling/deponering skulle utførast bak ein sjeté for å hindre spreining av forureining og partiklar, jf. vilkår 4.4. Løyvet var gyldig til 31.05.2023.

Giske kommune søkte 16.08.2024 om endring og forlenging av løyvet. Det vart opplyst i endringssøknaden at området sett av til deponering lengst i nord ikkje er heilt fylt opp enno, og at det er fleire byggeprosjekt i området med behov for disponering av massar. Dei aktuelle massane opplysast å vere reine og utan forureining eller jord. Mengda masse frå byggeprosjekta er estimert til om lag 5 000  $\text{lm}^3$ , men det søkjast om å kunne ta imot tilstrekkeleg masse til å fylle heile området som står igjen, tilsvarende opp til 20 000  $\text{fm}^3$  massar. Det opplysast vidare at massane vil verte deponert innanfor sjetéen og at størstedelen av utfyllinga ventast å skje haust og tidleg vinter. Det søkjast om forlenging av løyvet til 31.12.2025.

### Høyring

Høyring av den opphavlege søknaden vart gjennomført i 2020. Då det no er snakk om berre ei mindre endring av løyvet fann vi det ikkje naudsynt å gjennomføre ny høyring, jf. forvaltingslova § 16 bokstav c.

### Statsforvaltarens vurdering – Endring av vedtak

Vi syner til vårt vedtak frå 2020 for vår vurdering av forureining, partikkelspreiing og påverknad på naturmangfald og fiskeriinteresser ved utfylling i sjø i det aktuelle området. Etter vårt syn vil ei forlenging av løyvet slik at det kan fyllast ut med ytterlegare massar til deponiet er fullt ikkje medføre



uakseptabel forureining, partikkelspreiing eller uakseptabel påverknad på naturmangfald i området. Gjenstående mengde massar er mindre enn det som allereie er fylt ut.

Vi føresett at det berre nyttast massar som ikkje er forureina og som er eigna til føremålet, og at utfylling skjer innanfor sjetéen og i tråd med gjeldande regulering. Det skal ikkje fyllast ut med massar som inneheld plast og anna avfall, og det må syrgjast for at slikt ikkje spreiaast under arbeidet, jf. vilkår 4.7. Tiltaksarbeidet må overvakast i tråd med vilkår 5.1 i løyvet. Tiltakshavar er ansvarleg for stabiliteten til fyllinga/deponiet.

#### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endrar Giske kommune sitt løyve til utfylling og strandkantdeponi ved Gjøksundneset i tråd med det som er søkt om, jf. forureiningslova § 18.

Endringa omfattar ei forlenging av løyvet til 31.12.2025 og at det kan nyttast massar frå andre prosjekt dersom dei er ikkje-forureina og eigna til føremålet.

#### **Klagemoglegheiter**

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker av partane i saken eller andre med rettsleg klageinteresse. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

#### **Varsel om sakshandsamingsgebyr**

Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv. Saken vert plassert under gebyrsats 9 (lågaste sats), jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Dette svarar til eit gebyr på kr 8 900. Vår ressursbruk ved sakshandsaminga ligg til grunn for valet av gebyrsats (korrespondanse med søkjar, gjennomgang av endringssøknad, utarbeiding av nytt løyve, etc.).

Eventuelle kommentarar til varselet om sakshandsamingsgebyr skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan to veker, jf. forvaltingslova § 16. Vedtak om gebyr vil verte fatta før utsending av faktura, og vedtaket vil kunne klagast på.

Reglane om innkrevjing av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren sine konsesjonshandsamingar finnast i forureiningsforskrifta kapittel 39 og kan lesast på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1

Endra løyve



**Kopi til:**

<b>STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM</b>	<b>Postboks 7800</b>	<b>5020</b>	<b>BERGEN</b>
<b>KYSTVERKET</b>	<b>Postboks 1502</b>	<b>6025</b>	<b>ÅLESUND</b>
<b>FISKERIDIREKTORATET</b>	<b>Postboks 185 Sentrum</b>	<b>5804</b>	<b>BERGEN</b>
<b>JOHAN GISKEØDEGÅRD AS</b>	<b>Sætrehamna 15</b>	<b>6050</b>	<b>VALDERØYA</b>



## Løyve for Giske kommune til utfylling og strandkantdeponi ved Gjø sundneset industriområde

Løyvet er gitt i medhald av *Lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall* § 11 og endra i medhald av § 18. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det også føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2025**.

### Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Giske kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Org. nummer (bedrift)	964 980 721
Lokalitet for tiltaket	Gjø sundneset industriområde
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 352670, Y: 6936612
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 7 bnr. 297
Kommune tiltaket utførast i	Giske

### Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2020.0324.T	1532.0052.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
09.09.2020	1	19.08.2024
Arkiv:	2019/6631	

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endring
1	19.08.2024	-	Forlenga løyvet til 31.12.2025
1	19.08.2024	4.5	Vilkår endra slik at det kan nyttast massar frå andre prosjekt i tillegg til mudringa i Gjø sundet.

<sup>1</sup> Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling og strandkantdeponi ved gnr. 7 bnr. 297 ved industriområdet ved Gjøgesundneset i Giske kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Tiltaket må gjennomførast som angitt i søknaden datert 20.02.2020, og med endringer skildra i endringssøknad datert 16.08.2024, dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på anna måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overhald. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergens Sjøfartsmuseum kontaktast.

## 3. Internkontroll, beredskap og varslings

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overhald krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslipp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.



3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

#### **4. Utfylling og strandkantdeponi i sjø**

4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.

4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.

4.3 Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreieing av forureining.

4.4 For å unngå uheldig spreieing av partiklar og miljøgifter ut av tiltaksområdet, skal det opparbeidast ein sjeté ikring utfyllingsområdet. Utfylling og deponering skal utførast innanfor sjetéen. Siltgardin nyttast etter behov.

4.5 Muddermassane frå Gjørundet og ikkje-forureina, eigna massar frå andre prosjekt i regionen kan nyttast til utfylling ved Gjørundneset. Massar som nyttast i tillegg må ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sediment i Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal òg ligge innanfor normverdiane fastsette i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Massane skal vere eigna til formålet, og det tillatast ikkje å nytte reaktive bergartar.

4.6 Dei lettare forureina muddermassane frå området ved båthamna i Gjørundet skal plasserast fyrst i deponiet, og dekkast over med resterande, reinare massar. Tildekkinga må utførast slik at det ikkje vil lekke ut miljøgifter i ettertid.

4.7 Sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i eventuelle sprengsteinmassar skal fjernast før massane leggjast i fyllinga.

4.8 Tiltaket skal utførast under eigna vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreieing av partiklar.

#### **5. Kontroll og overvaking**

5.1 Det skal gjennomførast visuell kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet med fokus på å avdekke uakseptabel spreieing av partiklar ut av tiltaksområdet.

#### **6. Rapportering**

6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (se Norconsult sin rapport nr. 5199491 av 20.02.2020) skal registrerast i databasen Vannmiljø innan 31.12.2020. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei skildring av dei avbøtande tiltaka som vart gjort for å unngå uheldig spreieing av partiklar og miljøgifter og ulemper for naturmiljøet



- Eventuelle avvik eller uhell og korleis dei vart handsama.